



Innsending av verjerapport (tidlegare verjerekneskap) for 2025

Du er registrert som verje med rapporteringsplikt. Det betyr at du skal sende inn verjerapport til Statsforvaltaren for ditt/dine verjeoppdrag der du har rapporteringsplikt.

Du skal hjelpe verjehavar med kontroll, påføring av eventuelle endringar og innsending av skattemeldinga til skatteetaten, men du treng ikkje senda med kopi av verjehavar si skattemelding som ein del av verjerapporten. Informasjon som er relevant for tilgang, utfylling og innsending av skattemeldinga finn du mellom anna på www.skatteetaten.no/ og på www.eid.difi.no/.

Som verje plikter du å sende inn følgjande dokument for kvart verjemål med rapporteringsplikt:

1. Verjerapport (erstattar tidlegare Fullstendighetserklæring) skjema GA-8042

- Ikkje fyll ut skjemaet før du har hjulpt verjehavar med gjennomgang av skattemeldinga.
- Sørg for å svare på alle punkta, elles blir ikkje verjerapporten godkjend.
- Dersom du sender inn verjerapporten på papir, må du signere med dato og underskrift.

2. Kontoutskrifter og forklaringar

- For verjekontoar i DnB, Nordea og Sparebank1-gruppa vil statsforvaltarane frå og med 2025 innhenta alle kontoutskrifter digitalt for kontoar verjene disponerer i verjemålet. Oversikt over kva bankar dette gjeld står i verjerapporten. Har du som verje berre disposisjonsrett i nokre av desse bankane treng du ikkje å leggja ved kopi av kontoutskrifter.
- Har du disposisjonsrett i nokre av dei bankane statsforvaltarane ikkje får kontoutskrifter direkte frå, skal du i verjerapporten leggja med kontoutskrifter som vedlegg.
- Her er ei hugseliste for kontoutskriftene du skal leggja ved:
 - Kopi av kontoutskrifter for alle kontoane du har, eller har hatt, disposisjonsrett til i verjemålet.
 - Du skal sende inn kontoutskrifter for alle månader du har vore verje i perioden 01.01.2025 - 31.12.2025.
 - Du skal sende inn kontoutskrifter for kvar månad sjølv om det ikkje har vore bevegelse på kontoen. Alternativt må det leggjast fram dokumentasjon frå bank eller nettbank på at det ikkje har vore bevegelsar på kontoen.
 - Kontoutskriftene må vere i banken sitt eige format, slik du får det frå banken/hentar det frå nettbanken. Du kan ikkje kopiere til Word, Excel eller liknande.
 - Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn transaksjonsoversikt frå konto eller nettbank.
- Alle transaksjonar som ikkje er sjølvforklarande må forklarast. Dette gjeld uavhengig av om Statsforvaltaren innhentar kontoutskrifter digitalt eller om du må sende inn kontoutskrifter til oss. Forklaringar kan du gi på kontoutskriftene, i fritektsfelt på verjerapporten/ fullstendighetserklæringa, eller som eige vedlegg. Alle kontantuttak må forklarast.
- Det er viktig at transaksjonar på kontoutskriftene er forståeleg for Statsforvaltaren og revisor, slik at det kjem fram kva midlane er nytta til.
- Vi minner om at verjehavar sine inntekter skal betalast til ein konto i verjehavar sitt namn, og ikkje til konto som tilhøyrar verje, bufellesskap, eller andre.

Frist for å sende inn samla og fullstendig verjerapport er 30. april 2026.

- Vi gjer merksam på at mangelfull levering av fullstendig verjerapport innan fristen kan få konsekvensar for vervet ditt som verje.



- Som nemnt, føretekjer vi innsending via Altinn, men dersom du vel å sende inn verjerapporten på papir skal det sendast samla i éin konvolutt til adressa under. Det skal ikkje vera stiftar eller bindersar på det du sender inn.

Dersom det er pålagt det som tidlegare vart kalla utvida rekneskapsplikt i eit verjemål (no rekneskapsplikt), skal Statsforvaltaren også ha tilsendt kopi av rekneskap for drift av eigedom og/eller ervervsverksemda. Frist for innsending av desse verjerekneskapa er 30. juni.

Innsending

Statsforvaltaren føretekjer digital innsending, og oppmodar alle verjer til å sende inn verjerapporten via Altinn.

I Altinn fyller du ut skjema for [Verjerapport](#) (Årleg erklæring om økonomiforvaltning) og legg ved aktuelle vedlegg. Du kan også gå inn på skjemaet via www.altinn.no/ og velje tema «Verjemål» under «Skjema og tenester».

Viktig å hugsa på ved innsending via Altinn:

- Nytt din eigen elektroniske ID ved innsending av verjerapporten og ikkje ID til den du er verje for.
- Send inn verjerapport via Altinn først når alle aktuelle dokument og vedlegg ligg føre. Nytt korrekt kategori for vedlegga du legg ved.

Dersom du har motteke godtgjering for verjeoppdraget for 2025, og verjehavar sjølv har dekt dette, minner vi om at du som verje må korrigere skattemeldinga til den du er verje for – då denne utgifta gir rett til frådrag. Det er utgifter som er belasta verjehavar i løpet av 2025 som skal førast som frådrag.

Annan nyttig informasjon

- Ei verje skal som hovudregel ikkje disponere meir enn inntil kr. 260 320,- (2G) på vegner av verjehavar. Overskytande midlar skal overførast til ein kapitalkonto som Statsforvaltaren forvaltar på vegner av verjehavar. For nærare informasjon om dette, sjå www.vergemal.no/ eller kontakt Statsforvaltaren.
- Du skal oppbevare alle kvitteringar og bilag knytt til verjemålet i minst tre år. Kvitteringar og bilag skal ikkje sendast til Statsforvaltaren.
- Eventuelle søknader om Statsforvaltaren si godkjenning, førespurnadar, godtgjeringskrav, mv., må sendast i separat sending – og ikkje leggjast ved verjerapporten.
- Meir informasjon om innsending av verjerapport og utfylling av skattemelding kan du finne på www.vergemal.no/vergeregnskap-og-skattemelding.

Dersom noko er uklart, ber vi deg ta kontakt med Statsforvalteren så snart som mogleg. Telefon-nummeret til verjemålsseksjonen er 55 57 23 00, og vi har telefontid måndag-onsdag kl 1200-1400. Du kan også sende oss generelle førespurnader via «Melding til Statsforvalteren» som du finn på vår nettside.

Med venleg helsing

Statsforvaltaren i Vestland, Verjemålsseksjonen